

Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland

Referat

Møtetid	Fredag 3. juni 2022, kl 11.30 – 14.30
Stad	Region Nordhordland Helsehus
Til stades	Terese Folgerø (Alver), Leni Dale (Alver), Bente Orlèn Westervik (Brukarutvalet HB), Tonje Husum Aarland(vara Modalen), Evy Knutsen (Brukarutvalet HDS), Randi-Luise Møgster (HB), Rebekka Ljosland (HDS), Silje Fanebust(NSF),Annika Tvedt Villanger, Kristin Borgemyr (Fedje), Nina Kvamme (Osterøy), Liv Berit Haukås (Fagforbundet)
Ikkje møtt	Jarle Gallefoss (Austrheim), Ingebjørg Søreide (Gulen), Kjerstin Fyllingen (HDS)
Møteleiar	Oddvin Neset(Masfjorden)
Referent	Grete Lill Hjartnes (SSE) og Elena Sandgathe (SSE)

Saksnr.	Saker
17/22	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkalling og sakliste ble godkjent utan merknad
18/22	Formell godkjenning av referat frå møte 1-2022, 11.mars Vedtak: Referatet vart godkjent med følgjande innspel: Parkinson nett: 104 deltakarar på grunnkurset. 75 stk på venteliste, Nytt kurs vert sett opp. Medisinsk fagleg utval har fått ny leiar: Hege Tønnesen, overlege avdeling for rusmedisin.
19/22	Handlingsplan 2022 Kort gjennomgang av handlingplanen for 2022. Vedtak: Samarbeidsutvalet takker for god orientering og gjennomgang av status for tiltaka.
20/22	Etablering av Helsefellesskap Utvalsleiar gav ein kort status for prosessen og vegen vidare for etablering av helsefellesskap og handsaming av overordna samarbeidsavtale. Partane sin frist for handsaming og signering av Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 er sett til 1.juli 2022. Helse Bergen har fått innspel frå NSF Vestland om at det er krevjande med ein representant som kan representere dei ulike hovudsamanslutningane. Representant burde vore både frå KS og Spekter. Innspel om tillitsvalt frå Akademikaren eller Legeforeningen for ein betre representasjon frå legane. Innspelet vert diskutert i møte med arbeidsgruppa 8. juni. Partane gav ei kort orientering om status for handsaming av overordna samarbeidsavtale i kommunar og sjukehus. Onsdag 8.juni vert det møte i arbeidsgruppa der følgande tema tas opp: <ul style="list-style-type: none"> - SSU og OU og rekkefølgene på utvala. Me ønskjer å gjere nok nytt og ikkje følgje i gamle spor - Brukarrepresentasjon - Representasjon av fastlege og kommuneoverlege Presentasjon vist i møte er lagt ved. Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for statusoppdateringa og tar den til orientering.
21/22	Felles e-læringsprogram for å spreie bevisstheit, kunnskap og kompetanse Status med presentasjon av framdriftsplan og innhald i programmet v/ Elena Sandgathe, SSE. Innspel til e-læringsprogrammet:

	<ul style="list-style-type: none"> - Viktig å ha med informasjon om <i>Særavtale til tenesteavtale 2</i> Prosedyre ved behov for følgje under opphald i spesialisthelsetenesta 2099 Saravtale-folge-med-skjema-2013.pdf (saman.no) - Viktig å passe på at e-læringsprogrammet ikkje blir for langt. - Sikre implementering i når programmet er ferdigstilt. <p>Presentasjonen er lagt ved.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for statusoppdateringa og tar den til orientering.</p>
22/22	<p>Covid 19 – orientering frå koordineringsgruppa Terese Folgerø, kommuneoverlege Alver orienterte:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er et godt samarbeid i koordineringsgruppa. - Representasjonen i arbeidsgruppa fungerer godt slik det er lagt opp. - Lite smitte no, men det kan verte meir møter knytt til pandemien til hausten. Usikkert på omfang framover. - Koordineringsgruppa er et viktig fora for å diskutere handtering av situasjonen knytt til Ukraina. - Må vurdere om denne møtestrukturen trengs vidare dette vidare og kor skal en slik struktur vert plassert. Er operativt og kan ta beslutningar og iverksette raskt. - Kommunane arbeider med psykososial støtte for flyktningar og slutfører eit e-meistringsprogram som er oversett til ukrainsk. Dette vert testa og breidda ut med ein App. <p>Vedtak: Samarbeidsutval for Nordhordland takkar for statusoppdateringa</p>
23/22	<p>Innleggingsrapport som fyrste melding (PLO melding) Presentasjon av saka med forslag til prosess for oppstart v/Grete- Lill Hjartnes, SSe</p> <p>Ny teknisk løysing som gjer det mogeleg for kommunane å sende innleggingsrapport til sjukehuset inntil 24timar før pasienten vert innlagt i spesialisthelsetenesta. Som ei følgje av dette ser ein eit behov for å setje ned ei hurtigarbeidande gruppe som ser på innhaldet i innleggingsrapporten.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for presentasjon av saka og sluttar seg til at det vert sett ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe/faggruppe slik det er skissert i saka.</p>
24/22	<p>Digital samhandling Kristin Brekke, leiar seksjon for E- helse i Bergen kommune gav ei oppdatert oversikt over <i>det digitale landskapet</i> i Helsefelleskapet.</p> <p>Digi Vestland er no det formelle, koordinerande samarbeidsorganet for kommunar og interkommunale samarbeid knytt til digitalisering og nye e-helse satsingar.</p> <p>Presentasjon nytta i møte er lagt ved.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for statusoppdateringa og oversikten over aktørane, prosjekter og initiativ som blir koordinert og satt i struktur. Helsefelleskapet blir arena for å samarbeide og finne løysingar og prosjekt vidare.</p>
25/22	<p>Pakkeforløp kreft heim Saka om pakkeforløp kreft heim vart presentert av saka v/ Grete Lill Hjartnes.</p> <p>Alle pasientar som får en kreftdiagnose er omfatta av <i>pakkeforløp kreft heim</i>, uavhengig av om dei allereie er i eit diagnosespesifikt pakkeforløp for kreft eller ikkje, og uavhengig av behandlingsforløpet.</p> <p>Kommunane og spesialisthelsetenesta har mottatt informasjon om pakkeforløpet, og har starta arbeidet med implementere i eigen organisasjon.</p> <p>Sentrale samhandlingspunkt knytt til dette er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Felles kommunikasjonsstrategi – korleis få god standardisert informasjon ut til pasientane om <i>pakkeforløp kreft heim</i>, ulike aktuelle tilbod, kontaktpunkt etc. • Gode digitale løysningar. Til dømes bruk av felles kartleggingsverktøy, moglegheit for at pasienten sjølv kan registrere mm • Behov for felles retningslinjer/prosedyrar

	<p>Anne Kjersti Drange, helse – og omsorgssjef i Askøy kommune, gav ei orientering om status for arbeidet med <i>pakkeforløp kreft heim</i> i Askøy. Ho formidla korleis dei har jobba med implementeringa, informasjonsdeling, forankring (adm., politisk og fagleg) og korleis Askøy har tenkt rund oppdraget. Utvalet takka for ein god presentasjon og for deling av erfaringar frå Askøy. Presentasjonen er lagt ved.</p> <p>Forslag om at samarbeidsutval tar stilling til følgande punkt:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Identifisere behov for felles samhandlingstiltak 2. Vurdere behov for å sette ned en felles arbeidsgruppe som koordinerer arbeidet på vegne av partane 3. Om Pakkeforløp kreft bør inn som punkt i Handlingsplanen for 2022 <p>Vedtak: Samarbeidsutval for Nordhordland takker for orienteringa og har følgande innspel til helsefelleskapet sitt vidare arbeid med <i>Pakkeforløp kreft heim</i>:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Setje ned ei arbeidsgruppe på tvers av kommunar og sjukehus. SSE sender førespurnad til leiar for utvalet. - Innspel om at saka vert sett inn i Handlingsplan 2022.
26/22	<p>Evaluering av Topleiarmøte 2022</p> <p>Topleiarmøte 2022 vart evaluert som godt, både i form og innhald.</p> <p>Vedtak: Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa knytt til evalueringa etter Topleiarmøte 2022.</p>
27/22	<p>Orientering frå partane</p> <p>1. FACT team NH Kommunane i Region Nordhordland som saman med Bjørgvin DPS, avd NH har samarbeidd om FACT team i NH orienterte om at styringsgruppa for FACT teamet har vedtatt å avslutte FACT ved utgangen av prosjektperioden 31.12.2022. Bakgrunnen er at kommunane ikkje opplever at prosjektet har innfridd styrking av tenestetilbodet til målgruppa som forventa. Kommunane støttar at FACT modellen generelt er positivt og ein har gjort det beste ut av dei tilgjengelege ressursane. Faktorar fsom kan ha gjort at ein ikkje har lykkast kan m.a. vere: geografi, samanslåing av psykoseteam med FACT og tilvisingsrutinar. Spesialisthelsetenesta er uroa for vedtaket, og er bekymra for kva dette vil bety for pasientane i framtida. Det vert komplisert med vidare samarbeid knytt til ROP pasientar, der FACT er ein viktig byggestein. FACT - samarbeidet betyr noko for utviklingsarbeidet i regionen framover, knytt til nasjonale føringar. Ønskje om framlegg av sluttrapport med sak i Områdeutvalet, der utfordringa blir konkretisert. Presentasjon av saka er lagt ved.</p> <p>2. Modellutvikling klinisk ernæringsfysiolog. Kommunane i NH er tildelt prosjektmidlar til å tilsetja prosjektleiar i 6 månader for å gjære eit utgreiingsarbeid klinisk ernæringsfysiolog som ressurs for helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland Dette vil danne grunnlag for å finne felles utviklingsområde og leggjast til grunn for utvikling av ein modell for korleis nytte klinisk ernæringsfysiolog som ressurs i eit interkommunalt samarbeid. Presentasjon er lagt ved</p> <p>3. Haraldsplass Diakonale sykehus Behov for å sjå på samarbeid knytt til pakkeforløp hjerneslag på lik line med føringar som har komen for pakkeforløp kreft.</p>
28/22	<p>Referat frå underutval vedlagt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Referat DPS råd NH_25.02.22
29/22	<p>Eventuelt Ingen saker meldt</p>